

**Etter vedtak i styringsgruppa for 17. mai i Uskedalen
legg programnemnda opp til eit justert program for dagen.**

**Endringa gjeld særleg at det vert eit folketog og at leikane
og festprogrammet er samla på skulen og i Aktivitetshuset.**

Stemneplassen er ikkje utelaten. Folketoget går over Dønhaug via Stemneplassen. Her vert det musikk, song, minnetale og blomenedlegging på minnesmerke frå 1995, 50 år sidan fredeni 1945. Det vert gratis is til borna.

På skulen vert det som vanleg leikar for born og vaksne, sal av mat og drikke og som i fjor eit rikhalding festporgram med tale for dagen, song- og musikkinnslag.

Programmet frå morgonen med salutt, gudsteneste og markering ved Bautasteinen går som vanleg.

Endringa er gjort etter framlegg frå mange, særleg familiar med born som ynskjer eit meir samla program på ein arena. Dei siste åra har styringsgruppa merka seg at mange går heim etter leikane og ikkje vert med på Stemneplassen

.Friluftsplassen er faktisk ukjend for mange yngre. Dette vil vi retta på ved å ta plassen inn med stopp og markering for så å gå samla til skulen og vera der resten av dagen.

Det vert ein av dei fyrste dagane kunngjort kven som skal ha talen for dagen i år.

Tekst: Kristian Olav Bringedal

Foto: Ola Matti Mathisen